

## Svar på spørsmål frå Hammer (SV) - fv. 55 Bru over Esefjorden (Sogndal kommune)

Ei bru over Esefjorden på fv 55 i Sogndal kommune er i økonomiplanen for perioden 2021-2024 kostnadsrekna til 771 mill 2021-kroner.

Då bru vart valt som alternativ for rassikring i 2017 (KS-sak 39/17 Balestrand kommune) var ein viktig grunn at kostnaden med bru ville verte lågare enn andre alternativ for rassikring, med rasoverbygg/tunnel og utbetring av eksisterande veg. I forprosjektet (2017) var det to brualternativ på 374 mill kroner og 384 mill kroner, medan alternativa med rasoverbygg/tunnel og gang- og sykkelveg var på mellom 354 mill kroner og 488 mill kroner.

På heimesida til fylkeskommunen ([www.vlfb.no](http://www.vlfb.no)) den 2.11.20 heiter det at «grunnundersøkingar viser det seg også at å bygge bru ved den første plasseringa vil bli vesentleg dyrare enn det som er lagt til grunn i kommunedelplanen.» Det vert vidare opplyst at det no vert vurdert nye alternativ for plassering og at nye grunnundersøkingar er i gang.

### **Spørsmål:**

Vil det bli vurdert på nytt om bru er den beste løysinga for å rassikre denne delen av fv 55, når det no vert vurdert nye brualternativ, og det ser ut til å bli ein stor kostnadssprekk i høve til dei opprinnelege planane?

### **Svar frå fylkesdirektøren**

Fylkesdirektøren sitt utgangspunkt og grunnlag for arbeidet med rassikringsprosjektet er godkjent kommunedelplan som har bru over Esefjorden som det vedtekne alternativet.

Fylkesdirektøren arbeider no med reguleringsplan for tiltaket. Fylkesdirektøren meiner framleis at bru er det beste rassikringsalternativet for denne strekninga. Ved å velje bru vert heile den rassutsette strekninga rassikra og ein svært dårleg fylkesveg mellom Dragsvik og Balestrand vert erstatta. Fylkesdirektøren vil også peike på at kostnaden med ev. tunnelalternativ mest truleg også kan bli dyrare enn føresett tidlegare.